

## Vedlegg 7. Oversikt over råka grunneigarar og rettshavarar.

### Sunnhordland Kraftlag AS sine rettar i Kvanndalselva, Fusa kommune

#### Bakgrunn

I samband med Sunnhordland Kraftlag AS (og Fusa Kraftlag SA) sine planar om å søkja konsesjon for bygging av eit småkraftverk mellom kote 80 og om lag kote 330 (350) i Kvanndalselva (Åreidselva) i Fusa kommune, er eigartilhøve til fallrettar på planlagt utbygd elvestrekning avklart med utgangspunkt i skjønn avhjemla 23.06.1984 i Midhordland Heradsrett, sak nr. B, 16/1984 vedrørande SKL Eikelandsosen kraftverk. Likeeins er Sunnhordland Kraftlag AS sine rettar til etablering av inntak, røyrgate, vegar, kraftlinjer og kraftstasjon avklart.

#### Sunnhordland Kraftlag AS erverva fallrettar m.m..

Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) fekk skøyte på Gnr./Bnr. 42/4 og 5 i Fusa kommune dagboksført 19.10.1995. Gnr./Bnr. 42/4 og 5 er særskild matrikulert vassrett i Kvanndalselva (alle vassrettar i utmark), utskild frå Gnr./Bnr. 42/1 og 2 ved handgjevingsavtale dagsett 03.06.1916 og skylddelingsforretning dagsett 16.12.1918. Ut frå dette er Sunnhordland Kraftlag AS eigar av fallretten der Gnr./Bnr. 42/1 og 2 eig inntil Kvanndalselva.

Gnr./Bnr. 42/3 eig på vestsida (Skjelbreid sida) av Kvanndalselva mellom om lag kote 305 og kote 330. Gnr./Bnr. 42/3 vart utskild frå Gnr./Bnr. 42/1 og skøyte tinglese 24.07.1918. Handgjevingsavtalen om sal av vassrettane på Gnr./Bnr. 42/1 hadde utløpsdato 30.06.1918. Dvs. at skøytet vart tinglese etter utløpet av handgjevingsavtalen med Gnr./Bnr. 42/1. Det kan difor reisast tvil om Gnr./Bnr. 42/3 eig vassretten mellom kote 305 og kote 330 på vestsida av Kvanndalselva. I skjønn avhjemla 23.06.1984 i Midhordland Heradsrett, sak nr. B, 16/1984 vedrørande SKL Eikelandsosen kraftverk, vart Gnr./Bnr. 42/3 ikkje tilkjend erstatning. Av det kan ein utleia at Heradsretten ikkje fann at Gnr./Bnr. 42/3 hadde vassrett/fallrett i Kvanndalselva. Med dette som bakgrunn er Sunnhordland Kraftlag AS eigar av vassretten/fallretten også mellom kote 305 og kote 330 på vestsida (Skjelbreid sida) av Kvanndalselva som heimelshavar av Gnr./Bnr. 42/4 og 5.

Ved inngåing av kjøpekontrakt og skyldskifte dagsett 14.03.1974 erverva Sunnhordland Kraftlag AS (Sunnhordland Kraftlag L/L) samlege fallrettar tilhøyrande Gnr./Bnr. 47/1 i Fusa kommune. Dvs. Sunnhordland Kraftlag AS eig fallretten der Gnr./Bnr. 47/1 eig inntil Kvanndalselva og Åreidselva.

Gnr./Bnr. 48/9 og 10 er særskild matrikulerte vassrettar i Kvanndalselva med tilliggjande vassdrag utskild ved skyldskifte dagsett 16.12.1918 frå Gnr./Bnr. 48/3 og 4. Avtale dagsett 04.10.1982 mellom Fusa kommune og L/L Sunnhordland Kraftlag vedkomande «Erverv og utbygging av Kvanndalsvassdraget», fastslår i pt.2 at Fusa kommune er forplikta å selja fallrettane kommunen har i Kvanndalsvassdraget dersom SKL får konsesjon til utbygging. I skjønn avhjemla 23.06.1984 i Midhordland Heradsrett, sak nr. B, 16/1984 vedrørande SKL Eikelandsosen kraftverk, vart Fusa kommune tilkjend erstatning for kommunen sin rett tilknytt Gnr./Bnr. 48/9 og 10. Med bakgrunn i avtalen av 04.10.1984,

mellom Fusa kommune og L/L Sunnhordland Kraftlag og ytt erstatning kan ein utleia at Sunnhordland Kraftlag AS er eigar av vassrettar/fallrett tilknytt Gnr./Bnr. 48/9 og 10.

Arealet inntil Kvanndalselva si austside mellom om lag kote 256 og kote 330, samt arealet inntil Åreidselva si vestsida mellom om lag kote 256 og kote 295 er sameige for Gnr. 48. Sameiga består av Bnr. 1, 3 og 4. Dvs. at Sunnhordland Kraftlag AS (som eigar av Gnr./Bnr.48/9 og 10) ikkje har fullt eigarskap til vassretten/fallretten her. I skjønn avhjemla 23.06.1984 i Midhordland Heradsrett, sak nr. B, 16/1984 vedrørande SKL Eikelandsosen kraftverk, vart eigarskapet i sameiga mellom Gnr./Bnr. 48/1 og Gnr./Bnr. 48/9 og 10 fordelt med 39,1 % til Gnr./Bnr. 48/1 og 60,9 % til Gnr./Bnr. 48/9 og 10. Dvs. at Sunnhordland Kraftlag AS eig 60,9 % av vassretten/fallretten i området som nemnd ovanfor. Av grunnlaget for fallerstatning (jf. side 42 – 43 i skjønnsprotokollen for Eikelandsosen kraftverk) er det tilsiget til Botnavatnet det er gitt erstatning for. Dvs. at det ikkje er gitt erstatning for total vassføring i Kvanndalselva langs den einskilde eigedom. Altså er det ikkje gitt erstatning for restvassføringa, og ein kan difor utleia at eigarskapet til restvassføringa tilhøyrer heimelshavarane til vassretten/fallretten i Kvanndalsvassdraget nedstraums Botnavatnet. Gulating Lagmannsrett i overskjønnsak nr. B 58/1986, la til grunn for si avgjerd same vurdering av kva som vart erstatta vedrørande vassrett/fallrett. Konsekvensen av dette er at Sunnhordland Kraftlag AS er eigar av 60,9 % av vassretten/fallretten til restvassføringa på austsida av Kvanndalselva mellom om lag kote 256 og 330 og mellom om lag kote 256 og 295 på vestsida av Åreidselva. Dei resterande 39,1 % er eigd av Gnr./Bnr. 48/1.

Gnr./Bnr. 76/1 i Fusa kommune eig grunnen langs austsida av Kvanndalselva mellom Vengsvatnet og om lag kote 150. Dette bruket har ikkje seld sine vassrettar til Fusa kommune eller Sunnhordland Kraftlag AS. Jf. erstatningsgrunnlaget nemnd ovanfor, kan ein utleia at Gnr./Bnr. 76/1 eig vassretten/fallretten til restvassføringa mellom Vengsvatnet og om lag kote 150 på austsida av Kvanndalselva.

Arealet inntil Åreidselva si vestsida mellom om lag kote 315 og kote 340, og mellom om lag kote 295 og kote 340 på austsida ligg i sameige tilhøyrande Gnr. 46, 49, 51, og 52 i Fusa kommune. Korkje Fusa kommune eller Sunnhordland Kraftlag AS har erverva vassrettar/fallrettar frå desse eigedommane. Vassretten/fallretten i Åreidselva i nemnde område er difor eigd av eigarane av sameiga eller andre rettshavarar.

Med utgangspunkt i ovanfor ståande utgreiing er ein komen fram til følgjande fordeling av vassretten/fallretten i Kvanndalselva/Åreidselva på elvestrekninga der vassføringa vert nytta i eit framtidig Kvanndalselva småkraftverk:

Tabell 1. Fordeling fallrettar

<b>Fallrettsfordeling:</b>	<b>%</b>
Sunnhordland Kraftlag AS	75,3 %
Gnr./Bnr. 48/1	5,3 %
Gnr./Bnr. 76/1	14,0 %
Gnr. 46, 49, 51 og 52	5,4 %
Sum	100,00 %

## Sunnhordland Kraftlag AS erverva rett til inntaksområde, røyrtrasé, linjeframføring, vegar og kraftstasjonstomt.

I handgjevingsavtalene dagsett 03.06.1916, mellom eigarane av Gnr./Bnr. 42/2 og 42/3 og kommunen går det fram følgjande av pt. 4:

«Haangivelsen omfatter ret til at foreta utbygningen og hvad dermed staar i forbindelse samt anlægge turbinledninger om saa maatte bli planlagt og vise sig mest hensigtssvarende for vandfaldets fulde utnyttelse hvorsomhelst paa vor eighed. Alt uten øket betaling til os. Dog er heri ikke indbefattet grund til kraftstation, men derimot til ledningsstolper, om kraftstationen lægges paa Skjebrei»


Handgjevingsavtalene dagsett 11.05.1916, mellom eigarane av Gnr./Bnr. 48/3 og 48/4 og kommunen har tilsvarande ordlyd i pt. 5.

Konklusjonen vert at for ovanfor nemnde eigedommar gav handgjevingsavtalene alle rettar til naudsynte arealbruk for etablering av kraftverk utan ytterlegare vederlag, utanom rett til kraftverkstomt. For alle andre eigedommar som måtte verta råka av terrengmessige inngrep som følgje av utbygging av Kvanndalselva kraftverk er det ikkje erverva rett til inntaksområde, røyrtrasé, linjeframføring, vegar og kraftstasjonstomt.

**Tabell 2. Oversikt Sunnhordland Kraftlag AS sine rettar til fall og rett til etablering av inntak, røyrgate, linjer, vegar og kraftverkstomt.**

Gnr/Bnr	Eigar	Part	Adresse	SKL vassrett i hele utmarka	SKL vassrett i Kvanndal selva	SKL vassrett i Åreidselva	SKL rett til etablering av inntak, røyrgate, linjer og vegar.	Kraftstasjon
42/1	Turi Skjelbreid Grimstvedt	1/1	Skjelbreid 5640 Eikelandsosen	ja	ja	Ikkje aktuelt	ja	nei
42/3	Line Nordbustad	1/2	Lyngneset 1 5551 Auklandshamn	ja	ja	Ikkje aktuelt	ja	ikkje aktuelt
42/3	Roy-Atle Tombre	1/2	Ponstivegen 7 5551 Auklandshamn	ja	ja	Ikkje aktuelt	ja	ikkje aktuelt
46/1 og 3	Annbjørg Håland Riise	1/1	5640 Eikelandsosen	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt
47/1 og 49/1	Jon Haugarvoll	1/1	5640 Eikelandsosen	Ja	Ja	Ja	Ja	ja
48/1	Aksel Henning Holdhus	1/1	Holdhus 5640 Eikelandsosen	Nei	Berre erstatta E.osen kraftverk	nei	nei	ikkje aktuelt
48/3	Jan Aslak Holdhus	1/1	5640 Eikelandsosen	ja	ja	ja	ja	ikkje aktuelt
48/4	Torhild Opheim	1/1	5640 Eikelandsosen	ja	ja	ja	ja	ikkje aktuelt
49/3	John Eirik Håland	1/1	Holdhus 5640 Eikelandsosen	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt
49/5	Rolv Haugarvoll	1/1	Lingavegen 203 5630 Strandebarm	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt
51/1 og 3	Inge Tjønn	1/1	Holdhus 5640 Eikelandsosen	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt
51/2,4 og 5	Helge Vestbø	1/1	Holdhus 5640 Eikelandsosen	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt
52/1	Nils Martin Bjørndal	1/1	Holdhus 5640 Eikelandsosen	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt
52/3	André Bjørndal	1/1	5640 Eikelandsosen	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt
52/4	Sten Bugge	1/2	Holdhus 5640 Eikelandsosen	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt

52/4	Mari Ulevik Furubotn	1/2	Holdhus 5640 Eikelandssosen	nei	Ikkje aktuelt	nei	nei	ikkje aktuelt
76/1	Cathrine Solvi Hammersland	1/1	Saksarhaugen 48, 5253 Sandsli	nei	Berre erstatta E.osen kraftverk	Ikkje aktuelt	nei	nei



Figur 1. Oversiktskart over råka eigedommar inkl. skisse planlagt utbygging Kvanndalselva kraftverk.